



3/2005
Oktober 2005 Årgang 12



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

For liten plass
i restavfallsdunken?
Hugs at du får kjøpt
"ekstrasekk"
på kommune-
huset eller på
miljøsentralen.
Pris: Kr. 38,-.



Moderne bosbilar til Sunnhordland

Notisar rett frå dunken

Vil du ha renovasjons- gebyret som eFaktura?

SIM kan tilby alle kundar i Bømlo, Fitjar og Kvinnherad å få renovasjonsgebyret som eFaktura. Dersom du nyttar eFaktura, kjem fakturaen ferdig utfylt i nettbanken din. Det einaste du treng gjera, er å klikka for betaling.

e Faktura

Frå i haust av vil bosbilar med ny tømteknologi henta inn hushaldsavfall i store delar av Sunnhordland. Betre arbeidsmiljø for sjåførane er ei viktig årsak til dette.

Den viktigaste nyvinninga er at avfallet no blir tømt ved at sjåføren, som er åleine i bilen, styrer ein hydraulisk arm som grip rundt dunken. Dette gjer sjåføren frå førarsetet; armen er montert på den høgre sida av bilen. For at dette skal fungera greitt, treng me litt hjelp frå kundane når det gjeld plassering av dunkar.



Denne einmanns-bosbilen har det aller nyaste utstyret på marknaden og kjem til fleire av SIM-kommunane i haust. Biltypen er allereie i bruk hos andre avfallsselskap, med gode røynsler.

Det vil bli sendt ut eit eige skriv med meir utfyllande informasjon til dei kundane som får besøk av dei nye bosbilane. Denne informasjonen

er det viktig at ein les, slik at dunkane kan bli tømde på ein effektiv måte.



fleire notisar

Kast ikkje farleg avfall i restavfallet!



Merk og pass på dine egne dunkar!



haldNoregreint

Spørsmål om renovasjon?
Sjå www.sim.as og
www.loop.no

Du kan tilpassa avfallsdunkane dine til avfallsmengda

Er du i tvil om du har dei rette dunkane for hushaldet ditt? Dersom ja, ta kontakt med SIM, så vil me finna ei ordning som passar for deg. Her er ei oversikt over prisar og dei ulike tømmeordningane du kan tinga hjå SIM. (Alle prisar er inklusive mva.)

SLIK ER RENOVASJONGEBYRET BYGD OPP

1. Alle kundar må betala eit grunngbyr uansett kor mykje eller lite avfall ein leverer. Kostnader i samband med farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall, kvitevarer, folieplast, glas og hermetikk som kjem inn på miljøsentralar og returpunkt, er dekte inn her. Det gjeld også kommunal eigenkostnad. Grunngbyret er noko ulikt frå kommune til kommune.

2. I tillegg kjem gebyr for bio, papir og rest. Beløpet er her avhengig av storleiken på dunken og kor ofte ein leverer restavfall. Dunkane kostar det same i alle SIM-kommunane i 2005.

FOR SMÅ HUSHALD/ LITE AVFALL:

Minimumsordning: Restavfall 140 liter kvar 4. veke, papir 140 liter og biodunk 140 liter. Årsgebyr kr. 1062,- + grunngbyr.

Årsgebyr utan biodunk, men med kompostbinge: kr. 646,- + grunngbyr.



På SIM sine heimesider finn du ein priskalkulator som på ein enkel måte viser kva dei ulike dunkkombinasjonane kostar.

Bioavfall Henting kvar andre veke	140 L	Varm-kompost	
Papiravfall Henting kvar fjerde veke	140 L	240 L	660 L
Restavfall Henting kvar fjerde veke	140 L	240 L	660 L
Henting kvar andre veke	140 L	240 L	660 L
Grunngbyr	Hus	Fritidsbustad	Kr 431,-
Sum			Kr 1493,-

FOR STORE HUSHALD/ MYKJE AVFALL:

For restavfall og papir er det tre storleikar å velja mellom: 140 l, 240 l og 660 l. Du kan også velja kor mange dunkar du vil ha av kvar.

a) Standard løysing er slik: Restavfall 240 liter kvar 4. veke, papir 140 liter og biodunk 140 liter.

Årsgebyr: kr. 1374,- + grunngbyr.

b) Same løysing, men tømning av restavfall kvar 2. veke: Årsgebyr kr. 2424,- + grunngbyr.

TIPS!

Dersom du vil spara pengar, kan du velja ein ekstra restavfallsdunk i staden for tømning kvar 2. veke.



God sortering gir god kompost



240 l dunk

Slik får du meir kapasitet:

Har du for liten kapasitet i restavfallsdunken, er det altså berre å kontakta SIM og be om fleire dunkar, større dunk eller tømning kvar 2. veke. "Ekstrasekken" er også eit alternativ dersom det hopar seg opp med avfall innimellom (sjå side 1).

Slik kan du få ned gebyret:

Vil du prøva å få ned renovasjonsutgiftene, er det pengar å spare dersom du kan klara deg med dei minste dunkane, kompostera sjølv og eventuelt dela dunkar med andre.

TIPS!

Dersom ein kan dela dunk(ar) med ein nabo, blir prisen på dunken/dunkane halvert.

TIPS!

Leverar du glas og hermetikk-boksar til returpunkt og mjukplast til miljøsentralen, sparar du plass i restavfallet.

SIM lagar kompostjord av matavfallet som blir henta inn, og det er blitt populært å koma til miljøsentralen og kjøpa SIM-kompost til hagen. Dessverre har me i sommar fått nokre klagar frå kundar som har funne

glasbitar i komposten, noko me sjølvsagt seier oss leie for. Skal me unngå dette i framtida, er me avhengige av at kundar ikkje kastar syltetøyglas og anna glas i biodunken. *Takk for hjelpa!*

Rimeleg renovasjon i Sunnhordland

I ei fersk spørjeundersøking kjem det fram at mange av SIM sine kundar tykkjer avfallstenestene er for dyre. Røynda er likevel at Fitjar kommune har eit av dei lågaste renovasjonsgebyra i landet; resten av SIM-kommunane ligg også stort sett bra an i høve til landsgjennomsnittet.

Målt etter det gebyret som flest hushald i kommunen betalar, ligg landsgjennomsnittet på kr. 2291,- inkl. mva. i 2005 (tal frå SSB).



Tilsvarende tal for SIM sine kommunar er:

Austevoll: Kr. 1999,-
Bømlo: Kr. 1915,-
Fitjar: Kr. 1493,-
Kvinnherad: Kr. 1999,-
Stord: Kr. 1824,-
Sveio: Kr. 2343,-
Tysnes: Kr. 2264,-

Den kommunale renovasjonen skal ifølgje forureiningslova verken gå med over- eller underskot. Det er med andre ord ikkje lov å ta korkje for høge eller for låge gebyr

Fitjar best ut

I Fitjar kan dei gle seg over å ha eit av dei rimelegaste renovasjonsgebyra i landet. Dette skuldast nok fleire ting, men ei av forklaringane er at det er flest kundar med liten restavfallsdunk i kommunen. Dessutan er ein i ferd med å redusera renovasjonsfondet (resultat av tidlegare for høge renovasjonsgebyr); dette kjem no kundane til gode.

I Fitjar kommune kan ordførar Agnar Årskog og dei andre innbyggjarane gle seg over å ha eit av dei rimelegaste renovasjonsgebyra i landet.

frå innbyggjarane – inntektene skal vera akkurat like store som utgiftene i den kommunale renovasjonsrekneskapen. SIM sine prisar ut til kommunane er dei same for alle medlemskommunane, men det er kommunanestyra som vedtek det endelege gebyret innbyggjarane må betala.

Betaling på miljøsentralen

Kostnadene med å driva miljøsentralane kan dekkjast på to måtar: anten ved å ta desse utgiftene inn over renovasjonsgebyret eller ved å krevja betaling av kvar kunde som leverer. SIM har til no vald ei mellomløyning. Det vil seia at dei som ikkje brukar miljøsentralen, er med og sponser dei som faktisk nyttar seg av tilbodet. Spørjeundersøkingar viser elles at fleirtalet ynskjer å betala ved levering.

Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar




Langeland skule vann teiknekonkurransen

Alle fjerdeklassingane som var på ekskursjon til SIM førre skuleår, fekk tilbod om å delta i ein teiknekonkurranse om avfall. Det kom inn mange flotte teikningar, og Langeland skule på Stord gjekk til slutt av med sigeren. Gratulerer!

Dei 700 elevane som takka ja til å koma på gratis ekskursjon til Svartasmoget førre skuleår, har fått med seg mykje viktig kunnskap om avfall. Det kjem tydeleg fram i teikningane som er sende inn i samband med teiknekonkurransen, og me i SIM har det same inntrykket etter å ha hatt elevane på besøk. Elevane hadde jobba godt med temaet på skulen før dei fekk med seg eit totimars undervisningsopplegg på hovudanlegget til SIM.

Klassen som gjekk av med sigeren i teiknekonkurransen, har no byrja på femte steget på Langeland skule, og fekk nyleg overrekt ein sjekk på kr. 2000,- frå SIM til eit miljøprosjekt. I tillegg fekk alle elevane kvar sitt krus til å ha på skulen; desse kan dei dekorera sjølv. Lærarane hadde laga til ei koseleg markering, og SIM-representanten vart godt motteken av vakne elevar som utan tvil kan mykje om avfall. Bra jobba!



Denne satsinga er ikkje tilfeldig frå SIM si side då me har tru på å få inn gode haldningar om miljø og avfall så tidleg som mogleg. SIM har valt å halda fram med tilbodet

om gratis ekskursjon for fjerdeklassingar også dette skuleåret, og me har allereie gjort avtalar med så mange som me har kapasitet til.

SIM
nytt

Opningstider

Miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

torsdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Bømlo, Hollundsaldalen

Tysdag: 08.00 - 14.30
torsdag: 12.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Fitjar og Stord, Svartasmoget

måndag: 08.00 - 18.00
tysdag - fredag: 08.00 - 15.30
annankvar laurdag: 09.00 - 12.00
(veker med partal vekenr.: 2, 4...)
Mottak for spesialavfall også på Va-bakkjen, Stord, same opningstid som bensinstasjonen.

Kvinnherad, Husnes industriområde

måndag-tysdag: 08.00 - 13.00
torsdag: 13.00 - 19.00
fredag: 08.00 - 13.00
siste laurdag
kvar måned: 09.00 - 14.00

Sveio, Sveiäsen

måndag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Tysnes, Eredalen

tysdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget,
N-5419 Fitjar
telefon
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

Trykt på resirkulert papir (Cyclus 140 g)
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest